



Jorddekke i økologisk bærdyrking

Aksel Døving, Bioforsk Økologisk E-post: aksel.doving@bioforsk.no

Bærvekstane konkurrerer dårleg med ugraset. Ulike former for dekke på jorda under plantene kan hindre ugraset, dette er særleg aktuelt i økologisk dyrking. Jorddekke gir reinare bær i jordbær, og reduserar risikoen for smitte av læråte på bæra. Ulike typar jorddekke har ulik verknad på planteveksten. Plastfolie stimulerar planteveksten, medan flis eller bark kan vere hemmande. Plastdekte drillar er den dominante dyrkingsmåten for jordbær i verden. Dekking er ein kostnad ved etablering, men sparar kostnader til luking seinare i omløpet.

Plastfolie

Dekking med plastfolie er sikraste og billegaste tiltaket mot ugras i økologisk bærdyrking. Det mest vanlege er plastdekte drillar med opa jord i gangane. Her i landet med fleirårig jordbærkultur er det som regel 1-2 planterader på kvar drill. I sørlegare land dyrkar dei ofte jordbær som eittårig kultur og har då 2-4 rader per drill. Drillane kan vere heilt lave eller opp til 20-30 cm høge. Høge drillar er varmare, men har også lettare for å tørke ut. Ein stor fordel med plastdekte drillar er at dei gir høgare jordtemperatur og mykje raskare etablering av nyplantingar. I hausteåra gir plastdekke tidlegare modning når plasten er svart eller brun, kvit

plast fører derimot til lågare temperatur i drillen og vil forseinkje utvikling og modning. Høge drillar gir større risiko for vinterskade. Mellom dei plastdekte drillane må ein nytte flaming og luking. Eit alternativ er å la det vekse gras mellom dei plastdekte drillane, graset kan ein då slå med plenklippar eller liknande. Ved bruk av plastdekte drillar kan ein køyre i feltet, det er verre med heildekke av plast. Heildekke er svært effektivt mot ugraset og gjer det svært reinsleg i feltet. Dette er lite brukt i praksis, men kan vere aktuelt i økologisk jordbærdyrking, då det er mindre behov for køyring i feltet.

Plasttypar

Mest brukt i jordbær er svart eller brun plastfolie som er ca 50 my tjukk. Denne vil normalt vare ein vanleg jordbærkultur på 2-5 år. I andre bærslag der kulturane er meir langvarige enn jordbær, kan ein med fordel bruke vevd duk. Denne er dyrare, men er svært haldbar og sterk mot trakk. Vevd duk er også meir gjennomtrengeleg for vatn enn plastfolie. Dei seinare åra har det i tillegg kome nedbrytbar folie av organisk materiale. Denne varer normalt 4-16 månader, dvs to sesongar før den vert nedbroten. Det er då også første og andre året at folie har størst effekt. Slik nedbrytbar folie er laga av organisk materiale som kan harvast eller ployast inn i jorda, dette sparer mykje arbeid når feltet skal ryddast. Slik folie er mest aktuell i kortvarige kulturar av jordbær.



Figur 1. Korona på plastdekt drill med bark i gangane. Foto: Aksel Døving

Halm, bark og flis

Halm er ein del brukt som dekkemateriale i jordbær. Det har mange fordelar, og i område med korndyrking er halm billeg, sjølv om spreiling i feltet kan vere arbeidskrevjande eller krevje dyre maskiner. Halm gjer det reinsleg i feltet, ein unngår å få jord på bæra og ein reduserar dermed også risikoene for smitte av lærرåte på bæra. Både halm, bark og flis hemmar i stor grad ugraset, og det ugraset som kjem opp er som regel lettare å luke. Organisk materiale kan harvast eller ployast ned og kan ofte bidra til å forbetre jordstrukturen. Bark og flis verkar forsurande på jorda, dei vil også binde næringsstoff særleg nitrogen dei første to-fire åra i feltet. Seinare vil materiale som bark og flis frigje nitrogen. Binding og frigjeving av nitrogen ved bruk av bark eller flis er avhengig av kva trevirke det kjem fra. Det vil også avhenge av jordtype, temperatur, fuktighet og så vidare. Det kan derfor vere svært vanskeleg å balansere næringstilførselen ved bruk av bark eller flis.

På forsida er det bilde av Senga Sengana med og utan flisdekke. Den flisdekte ruta er ugrasfrei, det er berre jordbærutløparar som kjem i mellom radene. Men samtidig ser ein at flis har ført til sterkt veksthemming hos jordbærplantene. Det kan kompenseraast med ekstra gjødsling, men er ofte vanskeleg å takle.

Maskiner, vatning m.m.

Det er nesten uråd å legge plast eller anna folie på bedd utan maskiner. Det finst mange typar maskiner til dette formålet, og som regel kan ein då legge slangar for dryppvatning samtidig. Ved bruk av plast er det ein fordel med dryppvatning for å få vatnet på rett plass. Dryppvatning er uansett å føretrekke i økologisk dyrking for å unngå vatn direkte på planter og bær. Med vatn eller jordsprut på bæra aukar risikoene for angrep av graskimmel og laerråte hos jordbær. Tunneldyrking er svært aktuelt i økologisk bærdyrking, og då er uansett dryppvatning ein fordel.



Figur 2. Høge plastdekte drillar i Huelva-området i Spania. Foto: Aksel Døving.

BIOFORSK TEMA

vol 5 nr 4

ISBN: 978-82-17-00641-1

ISSN 0809-8654

Fagredaktør:

Rolf Nestby

Ansvarlig redaktør:

Forskningsdirektør Nils Vagstad

Forsidefoto: Aksel Døving

www.bioforsk.no